



**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**  
**Miljøvernavdelinga**

**Forvaltingsplan for**  
**Hjørungdalsvatnet naturreservat**  
**Hareid kommune**



**Rapport 2011:09**

Framsidedfoto. Oversiktsbilete av Hjørungdalsvatnet. *Foto: Øyvind Leren*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset  
6404 MOLDE  
www.fylkesmannen.no

**Rapport nr:**

2011:09

**Dato:**

9. november 2011

**Tittel:**

FORVALTINGSPLAN FOR HJØRUNGDALSVATNET NATURRESERVAT

**Forfatter:**

Åsmund Skålvik, miljøvernavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Godkjenningsvedtak:**

Forvaltingsplanen for Hjørungdalsvatnet naturreservat i Hareid kommune er den 04.11.2011 godkjend av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, med heimel i «Forskrift om vern av Hjørungdalsvatnet naturreservat, Hareid kommune m.v.», av 27. mai 1988, pkt. VII, jf. pkt. IX.

**Referat:**

Hjørungdalsvatnet naturreservat vart verna i 1988 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Formålet med vernet var å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.

Naturreservatet vert dominert av Hjørungdalsvatnet, ein rik kulturlandskapssjø i jordbrukslandskapet. I tillegg er der lauvskog, myr, hei og anna fastmark. Reservatet har eit rikt fugleliv. Utfordringane framover vert å unngå overgjødsling og gjengroing av vatnet, sikre opne fastmarksområde, samt hindre spreing av framande treslag. Eit særleg viktig delområde er utløpsosen der ein både må sikre avrenning og verneverdiane knytte til vassvegetasjonen.

Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål og tiltak bør reviderast minst kvart 10. år.

**Emneord:**

Naturvern, forvaltingsmål, bevaringsmål, vegetasjon, skjøtsel fugl, våtmark, biologisk mangfald.

ISBN (Pdf - utgåve) 978-82-7430-219-8

ISBN (Papirutgåve) 978-82-7430-218-1

ISSN 1891-876X



Ulf Lucassen  
Seksjonssjef



Lindis Nerbø  
Direktør miljøvernavdelinga



## Innhold

1. INNLEIING .....	7
2. NATURGRUNNLAGET .....	8
2.1 Områdeskildring .....	8
2.2 Egedomsforhold .....	9
2.3 Historisk bruk av området .....	9
2.4 Naturfaglege verdiar .....	11
2.5 Bevaringsmål .....	12
3. BRUKARINTERESSER .....	17
3.1 Verneforskrifter og brukarinteressene .....	17
3.2 Landbruk .....	17
3.2.1. Algesituasjonen .....	18
3.3 Jakt og fiske .....	19
3.4 Friluftsliv og rekreasjon .....	20
3.5 Undervisning, formidling og forskning .....	21
3.6 Bygg og tekniske inngrep .....	21
3.6.1. Utløpsosen .....	22
4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK .....	23
4.1 Skjøtsel .....	23
4.2 Kartlegging av naturkvalitetane .....	24
4.3 Informasjon og tilrettelegging .....	24
4.4 Oppsyn .....	25
5 SAKSHANDSAMING .....	26
5.1 Forvaltingsstyresmakter .....	26
5.2 Lovverk, føringar og forvaltning .....	26
6 PERIODEN FORVALTINGSPLANEN GJELD .....	30
7 KJELDER .....	31
Vedlegg nr. 1 - Verneforskrift .....	32
Vedlegg nr. 2 - flyfoto .....	35
Vedlegg nr. 3 -Fugleartar registrert i eller nær Hjørungdalsvatnet. ....	36
Vedlegg nr. 4: Planteartar registrert ved Hjørungdalsvatnet .....	38
Vedlegg nr. 5. Flybilete frå utløpsosen frå 1965 og 2010 .....	39
Vedlegg nr. 6: Samleskjema for ulike tiltak i planperioden 2011 - 2016. ....	40
Vedlegg nr. 7: Saksbehandling av forvaltningsplanen .....	41

## Forvaltingsplan for Hjørungdalsvatnet naturreservat

## 1. INNLEIING


Hjørungdalsvatnet vart freda ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988 med heimel i naturvernlova. Naturvernlova er no erstatta av naturmangfaldslova (NML). Hjørungdalsvatnet ligg i Hareid kommune i Møre og Romsdal fylke. Etter dei vedtekne forskriftene for Hjørungdalsvatnet er formålet med vernet definert slik:

*”Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.”*

Det faglege grunnlaget for vernet er utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal fylke frå 1982 med forarbeida til denne.

Denne planen skal vere eit hjelpemiddel i forvaltninga av verneområdet ved å gi konkrete retningslinjer om bruk, skjøtsel og informasjon. Planen skal òg utdjupe og konkretisere vernereglane for å sikre ein mest mogleg einsarta bruk og forvaltning av verneområdet. Forvaltingsplanen er ikkje juridisk bindande, med unntak av der forvaltingsplanen syner til den vedtekne forskrifta for Hjørungdalsvatnet naturreservat (*kursiv skrift*).

Dette er første generasjon forvaltningsplan for Hjørungdalsvatnet naturreservat.



**Figur 1.** Hjørungdalsvatnet naturreservat er saman med Grimstadvatnet og Snipsøyrvatnet viktige område for fuglelivet i Hareid kommune. Kart frå DN sin naturbase.



## Kvifor vern?

Naturvern byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgiving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gir all natur og alle arter ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vern av natur. Hjørungdalsvatnet er eit lite område i areal, men er eit viktig område for mellom anna fleire hekkande fuglearter og for fugl under trekk og overvintring.

Plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange ytre påverkningsfaktorar. Å verne område som naturreservat etter naturvernlova (no den nye naturmangfaldlova, forkorta NML) gir eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikre arealet for framtida.

## 2. NATURGRUNNLAGET

### 2.1 Områdeskildring

Hjørungdalsvatnet naturreservat dekkjer eit areal på ca. 1080 dekar. Av dette er rundt 750 dekar vatn, resten av arealet er fordelt på 98 da. lauvskog og 1 da. barskog. Anna jorddekt fastmark utgjer 145 da., grunnlendt mark litt over 40 da. og myr ca. 45 da. Lauvskogen fordeler seg på 22 dekar høg bonitet og 55 da. middels bonitet. 21 dekar er klassifisert som impediment (produksjonsevne på mindre enn 0,1 m<sup>3</sup> pr. dekar/år).

Topografisk ligg naturreservatet nedst i Hjørungdalen på 16 meter over havet. I nordvest ligg Melshornet med sine 668 meter over havet. Ved foten av Melshornet ligg eit belte med gardsbruk og dyrka jord ned mot reservatet. I sør ligg Åsefjellet på 141 meter over havet, og fjellryggen Åsen følgjer reservatgrensa i søraust.

Bergartene rundt heile reservatet består av ulike gneisar og granittutformingar. Begge desse bergartsgruppene forvitrar seint, er næringsfattige og har relativ lav pH. Kvartærgeologisk finn vi marin strandavsetting i nord og vest. I nord finn vi òg moreneavsettingar der det meste av den dyrka jorda ligg i dag. Ned mot den søraustre delen av Hjørungdalsvatnet finn vi bart fjell med stadvis tynt lausmassedekke. Dette finn vi òg i den nordvestre delen av vatnet. Mindre område med myr og torvmark grensar òg inn til vatnet.


I området er det eit oseanisk klima med milde vintrar og liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter som er typisk for kysten her i regionen. I Hareid ligg temperaturen på 0,5 °C for januar. Gjennomsnittstemperaturen for juli er ca. 13 °C. Hareid har ein årsnedbør på rundt 2000 mm, og over 100 mm i nesten alle årets månader, med unntak av mai og juni.



## 2.2 Egedomsforhold

I følgje verneforskrifta omfattar det verna området følgjande gnr/bnr: 67/1; 67/3; 70/3; 70/5; 71/3; 71/5; 74/1; 75/2, 75/3; 75/4; 75/5; 75/7; 76/2 og 76/10.

Etter gjennomgang av digitalt eigedomskart januar 2011 omfattar det verna området fleire bruksnummer enn det som kjem fram i verneforskrifta. Mellom anna er gnr/bnr 68/28 og 68/29 utskild etter vernevedtaket (utskild i 1997). Delar av desse bruksnummera ligg innanfor vernegrensa. I tillegg er delar av gnr/bnr: 67/6; 75/19; 75/20 og 76/4 omfatta av vernet slik vi ser det i dag. Desse bruka er omfatta av vernet, men ikkje nemnd i verneforskrifta. Det kan òg ha forgått samanslåing av bruksnummer utan vi har klart å fange dette opp. Vi tek derfor atterhald om at det kan vere feil i eigedomskartet som vi har lagt til grunn. Den vedtekne vernegrensa er merka i terrenget etter kart som følgde vernevedtaket i 1988. På enkelte stader er det manglande samsvar mellom dei nedsette grensemerka og det juridisk bindande vernekartet frå 1988.



Figur 2 Egedomar omfatta av vernet. Hjørungdalsvatnet naturreservat er ruteskravert raudt.

## 2.3 Historisk bruk av området

Historisk har Hjørungdalsvatnet naturreservat med omkringliggjande areal vore i bruk av menneske som naturressurs i uminneleg tid. På myrene i og rundt reservatet har det vore torvuttak opp gjennom tidene, dette går òg fram av bildet på neste side. Mellom anna har

Vågselva vore i bruk som energikjelde til å drive både kvern for landbruket og kraftverk for industrien i Hjørungavåg.



**Figur 3** Bilda er tatt med ca. 50 års mellomrom og viser gjengroing av myr og fastmark rundt utløpsosen. Foto: Øvste privat.

Delar av dei areala som grensar ned mot vatnet har vore dyrka mark i mange hundre år. Hjørungdalsvatnet er og har vore eit rikt fiskevatn, og Vågselva er lakse- og sjøaureførande. Fiske har vore viktig både i elva og i vatnet opp gjennom tidene.



På 1980-90 talet vart vatnet tappa ned ca. ein meter på grunn av uttak av vatn til bruk ved produksjon av laksesmolt.

#### **2.4 Naturfaglege verdiar**

Den naturfaglege skildringa i planen er stort sett henta frå forarbeida til vernet og tematiske rapportar utarbeidd i etterkant av vernet. Men vi har òg supplert med munnleg informasjon frå fagfolk og andre med lokalkunnskap. Hjørungdalsvatnet er som prioritert naturtype verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein del av eit stort, velutvikla, artsrikt område.

Aktuelle naturtypar etter DN handbok nr. 13 er; Fragmenter av kystmyr A08, Rik kulturlandskapssjø E08, Evjer, bukter og viker E12.

#### **Fragment av kystmyr A08**

Rundt vatnet finn vi restar av myr i ulike gjengroingsfasar. I følge Skog og landskap sin markslagstatistikk utgjer myr 46 dekar av det verna området. Myrene utgjer ein blanding av nedbørsmyr (vest og nordaust) og jordvassmyr (sør) i naturreservatet. Låglandsmyr slik vi finn dei rundt reservatet utgjer nokre av dei nordlegaste førekomstande av myr i boreonemoral vegetasjonssone (edellaav- og barskogsone). Mange arter i vår flora og fauna har desse myrane som sin einaste levestad i heile eller delar av året.

#### **Rik kulturlandskapssjø E08**

Denne naturtypen omfattar innsjøar i kulturlandskapet og kjenneteiknast av relativt næringsrikt vatn. Sjølv om noko av næringsrikdomen kjem som eit resultat av at vatna ligg i, og er påverka av kulturlandskapet. Naturtypen er viktig fordi den er av dei mest artsrike ferskvassførekomstane våre og er viktig leveområde for næringskrevjande planter og dyr i ferskvatn.



**Figur 4** Vipe var tidlegare ein årleg sommargjest.  
Foto: Asbjørn Børset

#### **Evjer, bukter og viker E12.**

Naturtypen er kompleks og består vanlegvis av fleire ulike element/naturtypar. I Hjørungdalsvatnet utgjer denne naturtypen mykje av utløpsosen og den tilgrensande fuktstoggen. Svartora trivst mellom anna i denne fuktige naturtypen. Denne naturtypen er viktig fordi den utgjer produktive grunnvassområde i bukter og viker med tilhøyrande kantvegetasjon. Ofte finn vi eit høgt artsmangfald i desse områda då fleire naturtypar møtest her og legg grunnlag for eit mangfald av artar.

## Fugle- og dyreliv

### Truslar

Moglege truslar mot fuglebestandane kan vere komplekse og variere frå art til art. Mest sannsynleg ligg dei største negative påverknadene/truslane langt utanfor grensene til verneområdet. Enkelte fugleartar krev opne areal for å hekke og for å føle seg trygge under søk etter næring. Minken utgjør òg ein trussel i enkelte lokalmiljø. For å halde bestanden av mink lågast mogleg bør ein stimulere til fangst av denne arten.

På grunn av rask heving av vasstand etter store nedbørsperiodar blir dei låge strandpartia rundt vatnet neddemd i periodar. Enkelte artar som hekker på bakken vil ikkje hekke i desse områda og halde seg borte. Dette kan mellom anna vere vassrikse, sivhøne og sothøne.



**Figur 5** Vassriksa hekker i sivet nær vasspeilet.  
Foto: Rune Sveinsgjerd Karlsen

## Vegetasjon

### Truslar

Desse naturtypene er utsette for ei rekkje truslar. Overgjødning i form av tilsig av næringsstoff frå landbruket, kloakk m.m. kan føre til algeoppblomstring, attgroing i vatnet og oksygensvikt som igjen har negative konsekvensar særleg for botnlevande dyr og planter. Tilsig av anna forureina vatn er òg ein generell trussel mot vassdrag.

Driftsformene i jordbruket har endra seg radikalt dei siste 50 åra. Mellom anna er beite av husdyr som storfe og sau i utmark nesten slutt. Dette fører til attgroing og endra samansetting av planteartar spesielt i tidlegare opne landskap. Innføring av treslag som ikkje er naturleg for området er òg med på å endre vegetasjonsbiletet. Eksempel på dette kan vere plantingane av gran på Storholmen.

## 2.5 Bevaringsmål

Formålet med Hjørungdalsvatnet naturreservat er etter forskrifta kap. III, å *ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.*

Verneforskrifta skal konkretiserast mellom anna gjennom forvaltingsmål og bevaringsmål for naturreservatet. Bevaringsmåla viser i hovudsak kva naturtypar/kvalitetar ein ønskjer å bevare i verneområdet. I denne planen er naturtypene for Hjørungdalsvatnet delt i tre kategoriar. For

## Forvaltingsplan for Hjørungdalsvatnet naturreservat

kvar naturtype er det definert eit bevaringsmål, sjå tabell 1. For alle vatn som er verna er det naturleg å sjå på kjelder som påverkar vasskvaliteten, sjølv om desse ligg utanfor det verna området. Fylkesmannen som forvaltingsstyresmakt har ingen myndighet utanom det området som er verna, men kan oppmode andre forvaltingsorgan, kommunen og grunneigarar til å tenkje på den totale belastinga til vatnet og føre var prinsippet i den daglege forvaltinga. For Hjørungdalsvatnet er det først og fremst vasskvaliteten og det å halde areala nære vatnet opne som er viktig for verneformålet.

For å kunne definere gode og målbare bevaringsmål må ein ha kunnskap om naturkvalitetane ein ønskjer å bevare. Ein må òg ha kunnskap om utviklinga av dei ulike naturtypene over tid. Naturen er i endring både med og utan menneska sin påverknad. Eit forvaltingsmål bør derfor vere å auke kunnskapen om naturkvalitetane i det verna området. Det er òg avgrensa kva erfaring som finst med bruk av bevaringsmål i norsk naturforvalting. Bevaringsmåla i denne planen kan verte justert når arbeidet med nasjonale standardar for bevaringsmål for ulike naturkvalitetar er ferdig.



**Figur 6** Toppand er ein av artene som er observert i vatnet. Foto: Ola Betten

*Forklaringar på uttrykk som går igjen i planen:*

#### **Naturtype**

Med naturtype forstår vi eit einsarta, avgrensa område i naturen som omfattar plante- og dyreliv og miljøfaktorar. Eit landskap med stor variasjon inneheld eit stort mangfald av naturtypar.

#### **Tilstandsvariabel**

Med tilstandsvariabel forstår vi den eller dei eigenskapane ved naturtypen som bevaringsmålet er retta mot.

#### **Bevaringsmål**

Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at eit utval av naturkvalitetar i eit verneområde skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte arter.

#### **Tilstandsklasse**

Tilstandsklasse er ei inndeling i god, middels eller dårleg. Dette fortel oss kva for tilstand naturtypen er i.

#### **Forvaltingsmål**

Dette er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til naturverdiar/kvalitetar i eit verneområde. Slike mål kan òg bli knytt opp mot rekreasjon, jakt, landbruk og andre brukarinteresser.


## Forvaltingsplan for Hjørungdalsvatnet naturreservat

Ut frå det vi veit i dag har vi sett opp følgjande bevaringsmål innan tre naturtypar:

Mål nr.	Naturtype	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Overvaking	Tilstandsklasse	Tiltak
1	Rik kultur-landskapssjø E08	Vasskvalitet, eutrofiering med blågrønnalgar	God økologisk tilstand etter Vassdirektivet sine krav.	Følgjast opp med vassprøver etter krava frå Vassdirektivet	Moderat etter Vassdirektivet	Redusere utslepp og avrenning til vatnet i samsvar med forvaltingsplanen for vassregionen. Undersøkje mulighetene for å reetablere vassføringa i utløpsosen.
2	Ope myrareal A08	Attgroing	Halde myrareala merka på kartet opne for skogetablering, ca. 40 da.	Feltobservasjon i kombinasjon med ferske flyfoto	Middels grunna gryande attgroing	Om nødvendig setje i verk rydding av trevegetasjon.
3	Lauvskogen på Storholmen	Innslag av gran (Picea abies)	Fjerne plantinga av gran, ca. 1 da. og hindre ytterlegare spreing	Feltobservasjon etter gjennomført tiltak	Middels grunna eksisterande planting	Fjerne plantinga av gran og følgje med på etablering av eventuelle nye plantar.  Tiltaket skjer i samråd med grunneigar og SNO.



# Forvaltingsplan for Hjørungdalsvatnet naturreservat



### 3. BRUKARINTERESSER

#### 3.1 Verneforskrifter og brukarinteressene

Verneforskrifta er grunnlaget for kva som er tillate innafor Hjørungdalsvatnet naturreservat. I dette kapittelet (+ kapittel 5) vil dei aktuelle reglane i verneforskriftene bli knytt opp mot dei ulike brukarinteressene. Det vil i teksten bli vist til kapittel og punkt i verneforskrifta.

Verneforskriftene er bygd opp slik at kapittel IV i forskrifta gir ei oversikt/opplisting over kva aktivitetar som ikkje er tillate innafor verneområdet. I kapittel V går det fram kva for aktivitetar som er unntak frå forboda i kapittel IV, mens det i kapittel VI er ei oversikt over kva aktivitetar fylkesmannen kan gje løyve til etter søknad. Aktivitetar som er forbode etter kapittel IV, og ikkje nemnt i kapittel V eller gitt løyve til etter kapittel VI, er i utgangspunktet forbode.

Fylkesmannen kan likevel etter søknad gje dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfelle etter § 48 i NML. Tolking av forskrifta er nærare omtala i kapittel 5.2.

#### 3.2 Landbruk

I nedslagsfeltet til reservatet er det i dag fem produsentar innan landbruket. Av desse er tre mjølkeprodusentar, dei andre driv med hest, grovfôr og tørrhøy. Det er ingen saueprodusentar i nedslagsfeltet i dag, men to har planar om å starte opp. Landbruket innan verneområdet kan drivast på same måte som før vernevedtaket etter reglane i kapittel V. I følge arealoversikta er det ikkje innmarksbeite eller dyrka mark innanfor det arealet som er verna. Men rundt store delar av verneområdet er det i dag landbrukseigedomar i drift. Mjølkeproduksjon er den dominerande driftsforma. Jordbruksareala vert derfor for det meste nytta til grasproduksjon i form av silo eller rundballar og beite. Ei stor utfordring er summen av all avrenning av næringsstoff i nedslagsfeltet til vassdraget utafør det verna området. Det vert ikkje vinterlagra rundballar inne i verneområdet, men rundballar er lagra i nærområda med tilsig til det verna området. I tillegg vert òg slam og finpartiklar frå jordbrukskanalar og skogsgrøfter tilført Hjørungdalsvatnet. Fleire naturlege bekkar renn frå jordbruksareala og ut i verneområdet. I tillegg er det i samband med tidlegare dyrking òg grave grøfter og kanalar som er drenert ut i verneområdet, spesielt vest og nord i vatnet.

Landbrukslovverket har miljømålsettingar knytt til nydyrking og bruk av husdyrgjødsel. Algeveksten i Hjørungdalsvatnet kan berre løysast ved førebyggjande og reparerande tiltak utanfor naturreservatet. Ein må ta miljøomsyn ved framtidig nydyrking i nedbørsfeltet, og bygging av fangdammar er døme på avbøtande tiltak.

Bakgrunnen for forvaltingsmåla i planen ligg i dei vedtekne forskriftene for Hjørungdalsvatnet, m.a. kapittel IV, nr. 1 som lyder: *All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging.*

## Forvaltingsplan for Hjørungdalsvatnet naturreservat

Framande arter for landsdelen kan på sikt øydeleggje den naturlege vegetasjonen i delar av verneområdet, og kan utgjere ein trussel mot leveområdet til fuglane og stadeigen vegetasjon dersom dei får setje frø og spreie seg.

Verneforskriftene er ifølgje kapittel V, nr. 2 og 3 ikkje til hinder for;

*Slått, beiting og vedlikehald av grøfteutløp som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensa jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmaktene er varsla.*

Dersom ein skal setje opp nye faste og flyttbare gjerde må det søkjast om dispensasjon etter § 48 i den nye NML. Dette gjeld òg for flyttbare gjerde for hestebeite og andre beitedyr.

Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til beiting for å halde nede vegetasjonen, men det skal søkjast om løyve til å setje opp gjerde. Dette òg for at vi skal ha ei oversikt på kor det vert beita i reservatet.

Kap. V nr. 4 opnar for vedlikehald av eksisterande vegar. Med vedlikehald forstår vi det som å oppretthalde den vegstandarden som var på vernetidspunktet. Det må søkjast om dispensasjon dersom det er snakk om omlegging eller standardheving av vegar.

Ein må forstå kap. V nr. 7 om motorferdsel til lands i næringsføremål dit at vedlikehald av eksisterande gjerde, dreneringssystem og gardsvegar som del av landbruksnæring ikkje treng løyve.

Kap. VI informerer om at det kan søkjast løyve til ”kontrollert tynning/høgdereduksjon av skog og kratt som er til ulempe for jordbruket”, etter nr. 4, og ”hogst av ved til eige bruk” etter nr. 5. Eventuelle søknader etter nr. 4 og 5 bør samordnast med landbruksstyresmakta i Hareid og dersom løyve blir gitt skal områda merkast i terrenget eller på kart.

### **Forvaltingsmål for landbruket**

- Tilsig av næringssaltar til vassdraget uansett kjelde bør stoppast eller haldast på eit minimum.
- Fjerne enkeltførekomstar av framande treslag inne i verneområdet.
- Stimulere til beiting ned mot strandlina rundt vatnet for å halde landskapet ope.
- Det er òg eit mål å halde strandsona mest mogleg open for trevegetasjon.

### **3.2.1. Algesituasjonen**

Hjørungdalsvatnet har vært sterkt prega av næringstilsig frå landbruket og busetnad. Dette saman med at vatnet hadde lågare vasstand enn normalt på 1980-90 talet grunna uttak av vatn til smoltproduksjon førde til periodevis oppblomstring av giftproduserande blågrønnalgar. Det er registrert tre arter blågrønnalgar/bakteriar i vatnet (*Anabaena flos-aquae*, *Anabaena lemmermannii* og *Pseudoanabaena* sp). Det er eit overordna mål å redusere utslepp og avrenning i samsvar med forvaltingsplanen for vassregionen.



Vatnet blir følgd opp med prøvetaking etter behov, og det blir atter følgjande parameter: Total mengde fosfor, total mengde nitrogen, klorofyll, kalsium og farge.

Dei siste åra har næring på avvegar blitt redusert for landbruket sin del med mellom anna betre gjødselplanar. Auren er igjen å finne i bekkar og småelvar. Det er sterkt ønskeleg å få kontroll på tilførselen av næringsstaltar til vatnet.

Hareid kommune held i desse dagar (mars 2011) på med ein avskjeringskloakk på nordsida av vatnet. Dette er eit veldig positivt tiltak og vil fange opp og føre bort mykje næringsstoff frå mange bustadhus som tidlegare gjekk i vatnet.



**Figur 7** Næringsstoff på avvegar. Foto: Åsmund Skålvik

#### **Forvaltingsmål for algesituasjonen**

- Same som bevaringsmål 1, god økologisk tilstand etter Vassdirektivet sine krav.
- Arbeide vidare med å reetablere (så godt som mulig) naturtilstanden på 1980-talet.
- Vurdere å bygge fangdammar i vestre del av vatnet dersom ein ikkje når måla i forvaltingsplanen for vassregionen.

### **3.3 Jakt og fiske**

For naturreservatet gjeld følgjande reglar for jakt etter kap. IV, punkt 2; *Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade, øydelegging og uturvande uroing, jfr § 3 i viltlova. Jakt, fangst, bruk av skytevåpen er forbode. Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet. Utsetjing av vilt er ikkje tillate.* Vi gjer her merksam på at § 3 i viltlova er erstatta av § 15 i NML av 01.07.2009.

Då det verna området i stor grad utgjer strandsone til vatn eller vassdrag er dette ikkje dei mest nytta områda til jakt. Vi ser ikkje at tradisjonell jakt etter hjortedyr kjem i konflikt med verneformålet. Verneforskrifta opnar òg for jakt etter hjort og mink etter kap. V, nr. 9 i samsvar med viltlova sine forskrifter. Vi oppmodar jegerane å vise aktsemd overfor fuglearter som nyttar verneområdet til beite- og overvintring i jakttida. Bruk av laus hund under jakt på hjortedyr og mink er forbode i naturreservatet. Arealet innafor verneområdet er teljande areal for tildeling av fellingsløyve på hjort.

## Forvaltingsplan for Hjørungdalsvatnet naturreservat

Dette punktet opnar for bruk av skytevåpen på hjortedyr og villmink. Men det vert oppmoda til å nytte slagfelle og ikkje skytevåpen ved fangst av mink. Elles gjeld viltlova og naturmangfaldlova med forskrifter der verneforskriftene ikkje er sterkare.

Fiske har tradisjonelt stått sterkt i Hjørungdalsvatnet, og gjer det framleis i dag. I vatnet er det ein god aurestamme i tillegg til røyr. I Vågselva går både laks og sjøaure opp. Det er òg hevda at det har vore satt ut Tunhovdaure tidlegare. Dette er ikkje utenkjeleg då fisk frå denne aurestammen vart sett ut mange stader i landet tidlegare.

Fiske i vatnet, langs Vågselva og i utløpsosen av Hjørungdalsvatne er ein viktig rekreasjon for mange. I følgje kap. V, nr. 6 i forskrifta er vernet ikkje til hinder for; *Fiske etter det lovverk og dei forskrifter som gjeld til ei kvar tid.*

### Forvaltingsmål for jakt og fiske

- Overvake utløpsosen i Hjørungdalsvatnet med tanke på attgroing.
- Det er eit mål å halde bestanden av villmink så låg som mogleg.

### 3.4 Friluftsliv og rekreasjon

Delar av områda rundt vatnet er mykje nytta til rekreasjon på sommartid (bar mark). Det er først og fremst fjellryggen i mellom vatnet og fjorden som blir brukt til fotturar. Denne ryggen ligg i grenseland inn mot reservatgrensa. Ferdsel i dette området har ikkje negativ effekt på verneformålet. I tillegg er området på Langeneset nord og midt på vatnet mykje nytta til rekreasjon. Mellom anna har speidarane ein samlingsplass her. Denne samlingsplassen ligg på utsida av vernegrensa. Vatnet blir òg nytta til å gå på skøyter på i vintrar med trygg is. Å gå på skøyter på isen er ikkje noko problem for verneformålet, men bruk av ATV og mopedar på is og frosen mark er eit klart brot på verneforskrifta kap. IV, nr 4.

Det er ikkje ferdselsforbod til fots i Hjørungdalsvatnet naturreservat. Men unødige forstyrring av fuglelivet er forbode etter kap. IV nr. 2 i verneforskriftene. Ein vil her presisere at det er bandtvang på hund heile året inne i verneområdet. Elles gjeld friluftsløven med sine rettar og plikter i det verna området.

I kva grad vatnet er nytta til bading er vi ikkje kjent med, men vi kan ikkje tru at dette er ein aktivitet som har eit slikt omfang at det påverkar verneformålet.

### Forvaltingsmål for friluftsliv og rekreasjon

- Generelt skal fuglelivet uroast minst mogleg som følge av ferdsel og ved behov kan ferdsel kanalisert bort frå dei mest sårbare områda
- Det bør setjast opp skilt som informerer om bandtvang for hundar

### **3.5 Undervisning, formidling og forskning**

Informasjonstavler vil bli utarbeidd og sett opp. Det vil vere naturleg å setje opp informasjonstavler ved vanleg nytta utferdspunkt og parkeringsplassar, til dømes ved vegen opp til Åsen. Dette er eit naturleg utgangspunkt for fotturar på fjellryggen i reservatgrensa. Langs stien ned mot Langenest kan det og vere naturleg å setje opp ei informasjonstavle.

Det skulle liggje til rette for å lage ulike undervisningsopplegg gjennom heile skuleåret i verneområdet. Faglege tema finst både i vegetasjon, stillestående vatn, rennande vatn, brakkvatn, fugleliv, dyreliv og lokalhistorie. Skulen kan kombinere ekskursjon med bruk av informasjon om området på internett. Fagstoff om Hjørungdalsvatnet naturreservat finn ein mellom anna på naturfaglege nettsider som; [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no), [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no), [www.fmmr.no](http://www.fmmr.no) og [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no).

Vi gjer likevel merksam på at dette er eit verna område der det er forbode å skade og øydelegge vegetasjon, og at alt vilt er freda og ikkje skal uroast, kap. IV, nr. 1 og 2.

#### **Forvaltingsmål for undervisning, formidling og forskning**

- Det skal setjast opp informasjonstavle på eigna plassar rundt det verna området.
- Det kan leggjast til rette for undervisning og formidling innfor verneområdet så sant dette ikkje går ut over verneformålet.

### **3.6 Bygg og tekniske inngrep**

I følge forarbeida til vernet er det tidlegare utført desse inngrepa (A.O. Folkestad, 1982): “På eit par stader går dyrkamarka ned til vasskanten. Innsig frå jordbruksareal og siloanlegg har hatt ein del påverknad dei seinaste år, serleg sistnemnde med forureiningseffektar, og massetransport frå dreneringskanalar har ført til lokal tilslamming i vatnet. Vatnet har tidlegare vore regulert til kraftverksføremål, men i svært liten målestokk. Kraftverket er i dag nedlagt og reguleringsdammen fjerna, noko som også har hatt ein viss negativ innverknad i utløpsområdet av at vasstanden er seinka. Dei naust og båt plassar som finst langs vatnet har neppe hatt negativ innverknad for fuglefaunaen.”

Som det kjem fram av det A.O. Folkestad skreiv på vegne av fylkesmannen i førearbeidet til vernet er det langs vatnet oppført nokre naust. Enkelte av desse nausta ligg utanfor reservatgrensa, med andre ord går vernegrensa i vasskanten. Av andre inngrep i reservatet er det registrert dreneringsgrøfter og kanalar frå jordbruket. Etter kap. VI, nr. 2 krev all nyetablering av grøfter/kanalar løyve frå forvaltingsstyresmakta. Nye grøfter/kanalar til landbruksformål skal planleggjast saman med landbruksstyresmaktene i kommunen, og i samråd med fylkesmannen.

Teknisk inngrep i utløpsosen kan godtakast under føresetnad av at NVE finn prosjektet fagleg forsvarleg, og at det kan dokumenterast at tiltaket er med å bygge opp under verneformålet. Dette blir i tilfelle eit omfattande prosjekt som må handsamast som eigen sak.

Kapittel IV, nr. 3 i verneforskriftene;

*Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, under dette oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmiddel.*

Då Norge har teke på seg eit særskild ansvar for områder som har stor verdi for ettertida vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppmode Hareid kommune og grunneigarane til å vise varsemnd også i randsona og nedslagsfeltet til utanfor det verna området. Vi syner òg her særskild til NML § 49 “utanforliggende verksemd som kan føre til skade inn i eit verneområde”. Den nye plan og bygningslova gir òg signal om å vise varsemnd i randsona til verna område gjennom PBL § 11-8 omsynssoner og § 12-6 omsynssoner i reguleringsplan.

### **Forvaltingsmål for bygningar og tekniske inngrep**

- Nye bygningar skal ikkje oppførast i verneområdet.
- Utløpsosen kan reetablerast dersom forvaltningsstyresmakta vedtek det.

### **3.6.1. Utløpsosen**

Hjørungdalsvatnet har berre eit utløp. Dette ligg i austre del av vatnet og renn over ein strekning på ca. 600 meter gjennom eit våtmarksområde til utløpselva renn over ein kant av fast fjell og fortsett ned mot Hjørungavågen. Det har vore ein del aktivitet rundt dette utløpsområde på 1900 talet. Mellom anna har det vore ein liten demning i utløpet i den perioden vatnet var nytta til kraftproduksjon. Denne demninga vart fjerna på 1970 talet, og vatnet gjekk tilbake til sin naturlege vasstand. I perioden med kraftverk vart det òg tatt ein kanal frå utløpselva ned mot kraftverket. For å lede vatnet vart elva oppstrøms kanalen kledd med bord for å styre vatnet til kanalen. Etter at kraftverket vart lagd ned og vedlikehaldet av kanalen stoppa opp har desse ledeborda sklidd ut i utløpselva samen med jordmassar og er med på å heve botnen i utløpselva. På 1980-90 talet vart det gitt konsesjon til å ta ut vatn til laksesmoltproduksjon. Dette førte til at vatnet vart tappa ned med opp til ein meter. I den perioden vatnet var tappa ned var det nesten ikkje vatn som rann i utløpsosen. Dette medførte at det etablerte seg ein kraftigare plantevegetasjon i sjølve osen enn det som var der tidlegare.



Situasjonen i dag er at i periodar av året med store nedbørsmengder klarer ikkje elveløpet å tømme etter vatnet på same måten som før desse inngrep vart gjennomført. Vatnet står og “stukar” mot vegetasjonen i det lange utløpsområde. Dette fører til at vasstanden kan stige med opp til ein meter på under eit døgn, og det går fleire døgn før vasstanden er nede på normalt nivå igjen. Dette medfører problem for gardbrukarane med å drive jorda nærast vatnet, og nausta langs vatnet vert fylt opp av vatn. I kva grad denne ustabile hevinga av vasstanden verkar inn på fuglar som hekkar i strandsona er ukjent. A.O. Folkestad skriv i forarbeida til vernet følgjande: “Frå ornitologisk hald ville det ha vore ein fordel om terskelen i utløpsområdet hadde blitt bevart, i det den gav ein meir stabil vass-stand og gunstigare tilhøve for ein del hekkande fugl enn tilfelle er etter at terskelen blei fjerna”. Vi tolkar Folkestad til at det er ein fordel for hekkande fuglearter med eit stabilt vassnivå.



**Figur 8** Utløpsosen var heilt tørrlagd dei åra vatnet var nedtappa.

Foto: Bjørn Magne Haug

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil utgreie kva konsekvensar ei eventuell reetablering/oppreinsking i utløpselva vil føre til for verneformålet. Med oppreinsking meiner vi her ei moderat senking av botn i elva og fjerning av vegetasjon i ei nødvendig breidde for å ta unna flaumvatn.

#### **Forvaltingsmål for utløpselva**

- Ha eit utløp med tilstrekkeleg hydraulisk kapasitet som hindrar oppstuving og overfløyning av fuglereir, dyrka mark m.v., og utan at dette skadar andre verneverdiar i utløpsosen.

## **4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK**

### **4.1 Skjøtsel**

Formålet med vernet er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv innafor eit avgrensa område. Då dei kanskje viktigaste grunnane til at fuglebestandar har gått tilbake er tilhøva utanfor verneområdet, må eit forvaltingsmål vere å gjere livsmiljøet til fuglane best mogleg innan det verna området. På den måten tek ein vare på det potensialet området har for ulike fuglearter og at området igjen kan bli brukt av desse dersom bestandssituasjonen skulle betre seg. Det må haldast oppsyn med strandsona og elva, slik at søppel kan fjernast dersom det er naudsynt. På grunn av herskande vindretning frå sør-vest vil mykje søppel strande i den austre del av vatnet.

Alle skjøtselstiltak skal skje i regi av fylkesmannen og SNO. Gjennomføring av tiltak som medfører menneskeleg aktivitet, slik som gjerding, rydding og hogst bør skje til tider på året der ein uroar fuglane minst mogleg. Heimel for skjøtsel i eit verneområde finn vi i naturmangfaldloven (NML) § 47.

#### **Skjøtselstiltak**

- Fjerne framande treslag frå verneområdet.
- Stimulere til auka bruk av strandsona til beiteareal.
- Rydding av søppel langs strendene og langs elva etter behov.

Sjå vedlegg nr. 6 med prioriterte tiltak.

#### **4.2 Kartlegging av naturkvalitetane**

Ei god forvaltning krev kunnskap om naturkvalitetane som er verna og tilstanden på desse. Ei jamleg kartlegging av naturkvalitetane er naudsynt for å vurdere tilstand og moglege behov for tiltak/skjøtsel. I forvaltingsplanen har ein prioritert høgt å få ei god registrering av fugleartene i området, og bestandstilstanden til desse. Det er mykje observasjonar som er registrert hos enkeltpersonar og på ulike stader, dette bør samordnast for å vere tilgjengeleg for publikum. Først når vi veit meir om status til artene i verneområdet kan vi setje gode, målbare bevaringsmål. Det er òg naturleg å få ei botanisk registrering av verneområdet parallelt med fugleregistreringa.

Saman med SNO har fylkesmannen hovudansvaret for kartlegginga/overvakinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa.

#### **Tiltak for kartlegging av naturkvalitetane**

- Fylkesmannen vil foreta ei samanstilling av eksisterande registreringar av fuglefaunaen i området.

Sjå vedlegg nr. 6 med prioriterte tiltak.

#### **4.3 Informasjon og tilrettelegging**

Det vil bli utarbeid informasjonstavler for naturreservat. Det er eit mål å setje dei opp på strategiske plassar rundt det verna området. Etter kvart som ein får ny kunnskap om naturkvalitetane i området bør ein vurdere om det er behov for meir formidling. Det bør òg setjast opp skilt med bandtvang på naturlege parkeringsplassar rundt det verna området. Naturreservatet er merka med grensemerke i knekkpunkt og verneskilt på strategiske plassar.

Alt informasjonsmaterialet skal utarbeidast av, eller i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. All ny tilrettelegging for ferdsel (stiar/bruer etc.) skal på førehand godkjennast av fylkesmannen. Dette er ikkje til hinder for at brukarar av området kan kome med eigne innspel til forvaltingsstyresmaktene både om tilrettelegging og behov for informasjon.



**Figur 9** Fylkesmannen set opp informasjonsskilt i reservatet. Foto: Fylkesmannen

### Informasjons- og tilretteleggingstiltak


- Setje opp informasjonstavler om verneområdet på sentrale utferdsplassar.
- Setje opp skilt med bandtvang saman med informasjonstavle.

Sjå vedlegg nr. 6 med prioriterte tiltak.

### 4.4 Oppsyn

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle dispensasjonsvedtak vert etterlevd. Statens Naturoppsyn ( SNO ) har ansvar for oppsyn i verneområda i Norge. Hovudoppgåva til naturoppsynet er å sørge for at vernereglane for området vert følgde. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med fylkesmannen og dei vert orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i fuglefredingsområdet. Heimel til å foreta oppsyn finn vi i § 63 i NML.

Statens naturoppsyn har avgrensa politimynde i medhald av lov av 21. juni 1996 om statleg naturoppsyn, og politimynde etter miljølovene; friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka i Hjørungdalsvatnet naturreservat vert gjort i samråd med fylkesmannen og enkelte av tiltaka er nærare presentert i denne forvaltingsplanen. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er som forvaltingsstyresmakt bestillar av oppsynsoppgåver hos SNO.



*Figur 10 Oppsyn med algesituasjonen er viktig framover. Foto: Fylkesmannen.*

## 5 SAKSHANDSAMING

### *5.1 Forvaltingsstyresmakter*

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM)** er forvaltingsstyresmakt for Hjørungdalsvatnet naturreservat. Søknader om løyve/dispensasjonar etter verneforskriftene skal alltid sendast direkte til fylkesmannen.

### *5.2 Lovverk, føringar og forvaltning*

Naturvernloven frå 1970 blei oppheva då naturmangfaldloven av 19. juni 2009 blei vedteken. Store delar av naturvernloven er vidareført i kap. 5 i naturmangfaldloven. Sjølv om hovudtrekka i naturvernloven er vidareført, er det gjort nokre endringar. Det er viktig å merke seg at prinsippa i NML kap. II om alminnelege reglar om berekraftig bruk og § 48,

## Forvaltingsplan for Hjørungdalsvatnet naturreservat

dispensasjon frå vernevedtak, gir føringar som skal nyttast ved sida av forskriftene til det enkelte verneområdet. Forskrifta for verneområdet går normalt føre anna lovverk og forskrifter. Med få unntak vil verneforskriftene innehalde strengare reglar som gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Formålet med verneområdet skal tillegast stor vekt ved fortolking av verneforskriftene. Enkeltvedtak skal tolkast i lys av det spesifikke verneformålet, og “føre var” - prinsippet skal tillegast vekt ved fortolking av verneforskrifta. Ved tvil om rettslege rammer i ei verneforskrift skal forskrifta tolkast innskrenkande.

Verneforskrifta for Hjørungdalsvatnet naturreservat finn du som vedlegg nr. 1.

### Forvaltning av verneforskriftene

Eventuelle søknader om løyve/dispensasjon skal òg vegast opp mot dei allmenne reglane for berekraftig bruk i NML kap. II i tillegg til NML § 48. Desse reglane kjem i tillegg til verneforskrifta for Hjørungdalsvatnet naturreservat. Avgjerd av ein søknad om dispensasjon frå ei verneforskrift vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltingslova, og kan påklagast.

Verneforskriftene endrar ikkje grunneigars rettar og plikter etter anna regelverk utan at det går fram særskilt av forskriftene. Forskriftene endrar til dømes ikkje grunneigaren sin rett til å nekte motorferdsel eller andre tiltak på sin eigedom. Grunneigar kan likevel ikkje nekte forvaltningsstyresmakta motorferdsel på sin eigedom i samband med skjøtsel. Verneforskrifta kan innebere forbod eller innskrenkingar i grunneigaren, rettshavaren og publikum sin råderett, men kan ikkje gi vernestyresmakta eller det offentlege nokon særskilt råderett ut over det som følgjer av høve til skjøtsel etter regelverket.

Forvaltninga av verneområde skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking både hos fylkesmannen, SNO og dei som nyttar området dagleg. Eventuelle brot på lovverk i verneområdet skal meldast til kommunen, SNO eller forvaltningsstyresmakta som i sin tur vil vurdere tiltak eller politimelding. Ein syner her til NML kap. IX om handheving og sanksjonar der DN er gjeve myndigheit.

### Forståing av unntak frå forskrifta

**Kap V** i verneforskrifta listar opp ei rekkje aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon. Sjå forskrifta i vedlegg nr. 1 for den nøyaktige formuleringa.

**Nr. 1** omtalar aktivitet av nasjonal karakter. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvaltningsstyresmakta.

**Nr. 2** omhandlar slått, beite, dette er lovleg i naturreservatet, men må eventuelt klarerast med grunneigar.

**Nr. 3** stadfestar at vedlikehald av grøfteutløp i naturreservatet er lov. Men det går fram av forskrifta at forvaltningsstyresmakta skal varslast på forhand. Dette for å unngå skade på verneverdiane.



## Forvaltingsplan for Hjørungdalsvatnet naturreservat

**Nr. 4** opnar for vedlikehald av eksisterande vegar og kraftliner. Men då det ikkje er lov med motorisert ferdsel må det her gjevast dispensasjon. For standardheving på veganlegg må det òg søkjast dispensasjon. Det er ikkje kraftliner over det arealet som utgjer reservatet så dette er uaktuelt.

**Nr. 5** Sanking av bær og matsopp. Dette er ei referanse til friluftsløva, som stadfestar allemannsretten.

**Nr. 6** nemner fiske i verneområdet. Her gjeld det lovverket og dei forskriftene som regulerer fiske til ei kvar tid.

**Nr. 7** opnar for bruk av motorkjøretøy i næringsføremål. Vi tolkar dette slik at ein kan nytte motorkjøretøy til oppsetting av gjerder og reperasjon av eksisterande dreneringssystem som del av landbruksnæring.

**Nr.8** opnar for jakt på hjortedyr og villmink i samsvar med viltlova med forskrifter. Ved jakt på villmink bør slagfelle nyttast for å unngå å påføre dyra lidning. Feller må sikrast mot andre dyr og menneske. Skytevåpen bør ikkje nyttast i verneområdet sjølv om det er opna for det i forskrifta.

**Kap VI** omhandlar tiltak som fylkesmannen kan gje løyve til etter søknad. Sjå forskrifta i vedlegg nr.1 for den nøyaktige formuleringa.

**Nr. 1** gir høve til jakt etter dispensasjon dersom ein art er i misforhold til andre arter eller miljøet. Dette er ikkje ei aktuell problemstilling i naturreservatet og gir ikkje høve til felling av til dømes kråke, ramn eller grågås.

**Nr. 2** nemner etablering av grøfteløp for drenering av anna tilgrensande areal. Dette kan bli aktuelt, men alternative løysingar må vurderast, til dømes kan nye grøfter koplatt på eksisterande grøfter før dei kjem inn i verneområdet. Slike tiltak skal planleggast saman med landbruksstyresmaktene og vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle i samråde med kommunale landbruksstyresmakter.

**Nr. 3** opnar for fjerning av vegetasjon som er vertsplantar for skadeorganismar i jordbruket. Dersom dette skulle bli aktuelt skal det skje etter søknad og i samarbeid med fylkesmannen.

**Nr. 4** har heimel for å gje løyve til kontrollert tynning/høgdereduksjon av skog og kratt som er til ulempe for jordbruket, etter søknad og nærare avtale med forvaltingsstyresmaktene.

**Nr. 5** kan tillate hogst av ved til eige bruk etter søknad og tilvising av forvaltingsstyresmaktene.

**Nr. 6** opnar for å tillate bygging av pumpehus og legging av leidningar for vassanlegg, oppføring av gjerde m.m. Pumpehus og leidningar vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle i samråd med Hareid kommune.

**Kap VII** opnar for at forvaltningsstyresmakta kan utføre skjøtselstiltak i det verna området.

Dette kapittelet saman med den nye naturmangfaldlova § 47 gir òg løyve til bruk av motoriserte kjøretøy ved skjøtselstiltak i regi av forvaltningsstyresmakta.

### **Generelle dispensasjonsheimlar**

Etter overgangen til naturmangfaldloven 1.juli 2009 gjeld no naturmangfaldlovens § 48 i staden for den generelle dispensasjonsbestemminga i verneforskrifter som er eldre enn dette.

## Forvaltingsplan for Hjørungdalsvatnet naturreservat

Det betyr at saker om dispensasjon ikkje skal behandlast etter kap. VII i verneforskrifta for Hjørungdalsvatnet naturreservat, men etter naturmangfaldloven § 48. Dei spesifiserte dispensasjonsheimlane i verneforskrifta kap. VI gjeld framleis.

### **Retningslinjer for sakshandsaming.**

Punkta under syner generelle retningslinjer for all sakshandsaming som gjeld Hjørungdalsvatnet naturreservat:

1. Alle søknader om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
2. Normalt vil verneforskriftene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknader skal derfor først behandlast etter verneforskriftene før eventuelt anna lovverk vert vurdert.
3. Klage på vedtak gjort av fylkesmannen skal sendast Direktoratet for naturforvaltning via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vil då sjå om det er kome nye saksopplysningar som tilseier at vedtaket kan gjerast om. Dersom forvaltingsstyresmakta opprettheld vedtaket skal klagen sendast Direktoratet for naturforvaltning for endeleg behandling og vedtak.
4. Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Hareid kommune, Statens Naturoppsyn (SNO) og Direktoratet for naturforvaltning.

### **Behov for endring av forskrifta**

Verneplanen for våtmark var den første verneplanen som vart vedteken i Møre og Romsdal. Forskrifta er laga etter ein mal som på fleire punkt ikkje er i samsvar med nyare vernevedtak for naturreservat, og har behov for ei oppdatering og modernisering. Det er også feil og manglar på lista over dei gnr/bnr som vert omfatta av vernet. Dette vil fylkesmannen samordne med andre verneområde og handsame som eiga sak på eit seinare tidspunkt.

### **Endring av grensa til verneområdet**

Den juridisk gjeldande grensa for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5.000 datert Miljøverndepartementet 1987. Merkinga av vernegrensa i terrenget vart gjort av fylkesmannen med GPS-utstyr og skal være nøyaktig etter dei grensene som vart vedtekne i kongeleg resolusjonskartet.



## 6 PERIODEN FORVALTINGSPLANEN GJELD

Forvaltingsplanen for Hjørungdalsvatnet naturreservat gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedteken. Fylkesmannen er ansvarleg for rullering/revidering av planen, dette bør skje etter 10 år, første rullering innan år 2021. Fylkesmannen kan rullere planen før om det skulle syne seg naudsynt. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standardar når desse ligg føre, uavhengig av rullering av forvaltingsplanen.



**Figur 11** Når vassriksa trivst er kvalitetane i og rundt vatnet gode for andre artar.  
Foto: Rune Sveingjerd Karlsen

## 7 KJELDER

### Trykte dokument

- Artsdatabanken, 2010. *Norsk rødliste for arter 2010*.
- Artsdatabanken, 2007. *Norsk svarteliste 2007*.
- Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Håndbok 17 – Områdevern og forvaltning*.
- Folkestad, Alv Ottar, 1978. Fylkesvis oversikt over ornitologisk viktige våtmarker i Norge. Miljøverndepartementet
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982. *Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal fylke*.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1978. *Ornitologisk viktige våtmarksområder i Norge*. Miljøverndepartementet.
- Gaarder, Geir; Dag Holtan & John Bjarne Jordal, rapport 2001:2. *Kartlegging av Naturtyper. Fylkestilpassa faktaark for Møre og Romsdal*. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Molde.
- Hareid kommune; Munnleg informasjon frå fleire kjelder.
- Hareid kommune; Hareid bibliotek, gamle flyfoto.
- Hovde, Anders, 1990. *Jordbruksfagleg utgreiing i samband med erstatningssøksmål etter naturvernlova*. Rapport frå Jordforsk, Molde
- Norderhaug, A. 1991. *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker*. Landbruksforlaget

### Nettstader

- Artsdatabanken. <http://www.artsdatabanken.no/frontpage.aspx?m=2>
- Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Naturbase*. [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no)
- Lovdata, 2009. [www.lovdata.no/](http://www.lovdata.no/)
- Miljøstatus i Norge. <http://www.miljostatus.no/>
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga  
<http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=1566> .

## *Vedlegg nr. 1 - Verneforskrift*

### **Forskrift om vern av Hjørungdalsvatnet naturreservat, Hareide kommune, Møre og Romsdal.**

Fastsett ved kgl.res. av 27. mai 1988. Fremja av Miljøverndepartementet.

#### **I**

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jf § 10 og § 21, § 22 og § 23 er eit våtmarksområde ved Hjørungdalsvatnet i Hareide kommune, Møre og Romsdal fylke, freda ved kgl.res. av 27. mai 1988 under nemninga Hjørungdalsvatnet naturreservat.

#### **II**

Det freda området berører følgjande gnr/bnr:

67/1; 68/1, 3; 70/3, 5; 71/3, 5; 74/1; 75/2, 3, 4, 5, 7; 76/2, 10.

Reservatet dekkjer eit areal på ca 1.080 dekar. Grensene for reservatet går fram av kart i målestokk 1:5.000, datert Miljøverndepartementet oktober 1987. Kartet og fredingsføresegnene blir oppbevarte i Hareide kommune, hos fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

#### **III**

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.

#### **IV**

For reservatet gjeld følgjande føresegner, jf likevel punkta V – VI:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast.
2. Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade, øydelegging og uturvande uroing, jf § 3 i viltlova. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode. Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet. Utsetjing av vilt er ikkje tillate.
3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, under dette oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling,

planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmiddel.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

4. Motorisert ferdsel til lands, samt lågtflyging under 300 m er forbode. Bruk av modellbåtar og modellfly er forbode.

Bruk av seglbrett er forbode.

Camping, teltslaging og oppsetjing av kamouflasjeinnretningar for fotografering er forbode.

## V

Føresegnene i punkt IV er likevel ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i sikrings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsøyemed.
2. Slått og beiting.
3. Vedlikehald av grøfteutlaup som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsla.
4. Vedlikehald av eksisterande vegar og kraftliner.
5. Sanking av bær og matsopp.
6. Fiske etter det lovverk og dei forskrifter som gjeld til ei kvar tid.
7. Motorferdsel til lands i næringsføremål.
9. Jakt på hjortedyr og villmink i samsvar med viltlova med forskrifter.

## VI

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gje løyve til:

1. Kontrollert felling av vilt når dette blir sett på som naudsynt for å hindre bestandsmessige mistilhøve mellom ulike artar eller i tilhøvet art/miljø på grunn av menneskeskapte faktorar.
2. Etablering av nye grøfteutlaup for drenering av tilgrensande areal.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplantar for skadeorganismer i jordbruket og fjerning av giftplantar.
4. Kontrollert uttynning/høgdereduksjon av skog og kratt som er til ulempe for jordbruket.
5. Hogst av ved til eige bruk.
6. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vassanlegg, oppføring av gjerde m.m.

## VII

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredingsføremålet. Det kan utarbeidast skjøtselsplan, som skal innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

### **VIII (NB: Dette kap. går ut og blir erstatta av § 48 i naturmangfaldlova)**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå fredingsføresegnene når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg, samfunnsmessig verdi, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

### **IX**

Forvaltninga av fredingsføresegnene er lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

### **X**

Desse fredingsføresegnene trer i kraft straks.

---

### **Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldloven)**

#### **§ 48. dispensasjon fra vernevedtak**

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

*Vedlegg nr. 2 - flyfoto*





*Vedlegg nr. 3 -Fugleartar registrert i eller nær Hjørungdalsvatnet.*

ARTER	OBSERVERT	RAUDLISTA	MERKNAD
Bergand	87	VU	
Bjørkefink	11	LC	
Blåmeis	10	LC	
Bokfink	11	LC	
Brunnakke	83	LC	
Dvergdykkar	90	NT	
Enkeltbekkasin	78	LC	
Fiskemåse	10	NT	
Fossefall	04	LC	
Gransangar	10	LC	
Grønfinnk	11	LC	
Grønsisik	09	LC	
Grågås	78	LC	
Gråhegre	78	LC	
Gråmåke	10	LC	
Gråsisik	11	LC	
Gråspurv	11	LC	
Havørn	09	LC	
Jernspurv	10	LC	
Kjøttmeis	11	LC	
Krikkand	78	LC	
Kvitryggspett	00	LC	
Laksand	10	LC	
Lappfiskand	78	VU	
Løvsanger	10	LC	
Raudstilk	78	LC	
Ringand	09	LC	
Rødstrupe	11	LC	
Sangsvane	10	NT	
Siland	78	LC	
Sivhøne	78	NT	
Sivspurv	78	LC	
Sothøne	78	LC	
Spettmeis	11	LC	
Stokkand	87	LC	
Storlom	78	NT	
Storspove	10	NT	
Strandsnipe	10	NT	
Stare	11	NT	
Svartand	78	LC	
Svartbak	10	LC	
Svarttrost	11	LC	
Sædgås	78	VU	
Taffeland	78	LC	



## Forvaltingsplan for Hjørungdalsvatnet naturreservat

<b>Tjeld</b>	<b>78</b>	<b>LC</b>	
<b>Toppand</b>	<b>78</b>	<b>LC</b>	
<b>Trekrypar</b>	<b>11</b>	<b>LC</b>	
<b>Vassrikse</b>	<b>78</b>	<b>LC</b>	
<b>Vipe</b>	<b>78</b>	<b>NT</b>	

Artsopplysningar henta frå Artsdatabanken. Det finst fleire observasjonar som ikkje er tilgjengeleg, så lista er ikkje uttømande.

**Forklaring til raudlistestatus: CR = Kritisk trua, EN = Sterkt trua, VU = Sårbar, NT = Nær trua, LC = Livskraftig**

*Vedlegg nr. 4: Planteartar registrert ved Hjørungdalsvatnet.*


Kjelde: Ulstein vidaregåande skule 06.09.1989, Artsdatabanken

<b>ARTER:</b>
<b>Andemat</b>
<b>Augentrøst</b>
<b>Bjønnekam</b>
<b>Bjørk</b>
<b>Botngras</b>
<b>Bukkebøad</b>
<b>Dikevasshår</b>
<b>Elvesnelle</b>
<b>Engkarse</b>
<b>Engmarimjelle</b>
<b>Engsvingel</b>
<b>Flaskestarr</b>
<b>Gulaks</b>
<b>Hesterumpe</b>
<b>Hundekjeks</b>
<b>Hårsvæve</b>
<b>Kamgras</b>

<b>Klengjemaure</b>
<b>Knappsiv</b>
<b>Krossandemat</b>
<b>Lyssiv</b>
<b>Marikåpe</b>
<b>Mjødurt</b>
<b>Myrull</b>
<b>Skogsnelle</b>
<b>Skrubbær</b>
<b>Skvalderkål</b>
<b>Soleihov</b>
<b>Stankstorkenebb</b>
<b>Tiriltunge</b>
<b>Torvmyrull</b>

Lista er langt frå uttømande. Det har ikkje vore tatt systematisk vegetasjonsregistrering i reservatet.

*Vedlegg nr.5. Flybilde fra utløpsosen fra 1965 og 2010*



Forvaltingsplan for Hjørungdalsvatnet naturreservat

*Vedlegg nr. 6: Samleskjema for ulike tiltak i Hjørungdalsvatnet naturreservat i planperioden 2011 - 2016.*

Tiltak	Prioritet	Utførende aktør	Kostnad	Finansiering	Fristar	Merknad/vurdering
Vassprøve i Hjørungdalsvatnet	Høg	SNO/Fylkesmannen		DN	2011	Følgje opp bevaringsmål nr. 1
Utgreie reetablering/oppreinsking av utløpsosen	Høg	Samarbeids-tiltak, fleire aktørar	60.000,-	Fylkesmannen	2011	Starte forarbeidet med anbodsgrunnlag.
Gjennomføre oppreinsking av utløpsosen	Høg	Samarbeids-tiltak, fleire aktørar		SNO		
Fjerne framande treslag.	Høg	SNO		SNO	Snarast	Sjå punkt 4.1.
Oppgradere kunnskapen om ulike fuglearter og storleiken på populasjonane i verneområdet.	Høg	Fylkesmannen		DN	Start 2011	Sjå punkt 4.2. Bør setjast bort, vil styrke overvakinga av reservatet.
Sette opp informasjonstavler	Høg	SNO		SNO		Sjå punkt 4.3.
Vegetasjonskartlegging	Middels					Bør setjast bort, vil styrke overvakinga av reservatet.
Rydde søppel etter behov	Middels	Skule, lag, foreining		SNO	Etter behov	Sjå punkt 4.1. Bør bli eit årleg tilskott til skuleklasse/lag/foreining.
Fjerne framande treslag.	Middels	SNO		SNO	Snarast	Sjå punkt 4.1.

**NB: All skjøtsel føreset at fylkesmannen får årlege løyvingar over statsbudsjettet. Desse løyvingane blir kanalisert gjennom Direktoratet for naturforvaltning (DN). Utan løyvingar over statsbudsjettet får vi ikkje utført skjøtsel eller andre tiltak**

### ***Vedlegg nr. 7: Saksbehandling av forvaltningsplanen for Hjørungdalsvatnet naturreservat***

#### **Høyring:**

Forvaltningsplanen har vore på høyring til grunneigarar, organisasjonar, næringsaktørar og forvaltningsorgan i tida frå 07.07. til 31.08.2011. Høyringa vart kunngjort i lokalavisene 06. og 07.07. Det kom 3 fråsegner til planen:

**Hareid kommune** ser positivt på at det har kome ein forvaltningsplan, og ser ikkje at planen kjem i konflikt med kommunale planar. Dei viser til at bygging av avskjerande kloakk i Hjørungdalen kan vere positivt for vatnet.

**Søre Sunnmøre landbrukskontor** har rettingar til landbruksdata i rapporten. Dei ønskjer å ha eit forvaltningsmål for landbruket om oppreinsking av bekkar og kanalar då det gjev raskare utvasking av næringsstoff i vatnet. Ein må bruke beitedyr for å halde myrområda opne.

**Møre og Romsdal fylkeskommune** har ingen spesielle merknader.

#### **Fylkesmannen si vurdering:**

Fylkesmannen har også registrert gjengroing i reservatet og er samd i at det er gunstig med auka beitetrykk. Oppreinsking av bekkar og kanalar kan ha ei dobbelsidig effekt. Det kan gje auka utspyling i vassdraga nedstrøms, men samstundes kan også kanalar med mykje vegetasjon halde att næringssalt og bryte ned organisk stoff. Planen blir ikkje endra på dette punktet, men ein er merksam på problemstillinga.

Fylkesmannen vil rette opp landbruksdata som kommentert. I tillegg har fylkesmannen retta opp ein del mindre detaljar i dokumentet. Ein har også supplert med det arbeidet som er gjort for å skape betre hydrauliske forhold i utløpsosen til Hjørungdalsvatnet.